

Program våren 2026

Onsdag 14. januar (NB: onsdag!)

Tema: *Finland - vår utsatte nabo.*

Forelesar: *Morten Jentoft*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 - 13.00*

Morten Jentoft er forfatter og journalist. Han har arbeidd som journalist sidan 1981, mesteparten av tida i NRK, mellom anna som korrespondent i Finland og i Moskva, med heile det tidligare Sovjetunionen som arbeidsfelt. Han har dekkja konflikta mellom Russland og Ukraina tett, og var blant dei første journalistene som kunne dokumentera grusomheita i den ukrainske byen Butsja i 2022. Hausten 2025 kjem han med boka "Finland - vår utsatte nabo", om nordmenn og finnar før og under 2. verdskrigen. Det er dette tema han vil snakka om i Arna Senioruniversitet.



Tysdag 3. februar

Tema: *Om Hans Nilsen Hauge.*

Forelesar: *Ola Honningdal Grytten*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 - 13.00*

Professor Dr. Oecon Ola Honningdal Grytten er økonomisk historikar tilknytta Institutt for samfunnsøkonomi, Norges Handelshøyskole. Han har også vore spesialrådgjevar for Norges Bank og redaktør av internasjonale vitenskaplege tidsskrift. Grytten har spesielt forska på makroøkonomiske tidsseriar, økonomisk vekst og utvikling, økonomiske kriser og haugiansk entreprenørskap. Foredraget vil ta for seg kva rolle Hans Nielsen Hauge og hans etterfølgjarar, haugianarane, har spela for økonomisk utvikling i Noreg gjennom vel 200 år.



Tysdag 3. mars *Årsmøte og foredrag*

Tema: *Kan robotar erstatte omsorg?*

Forelesar: *Bettina Husebø*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 - 13.30*

Bettina Husebø er professor og leiar for Senter for alders- og sykehjemsmedisin (SEFAS) ved Universitetet i Bergen. Husebø arbeider med å fremja kunnskap om aldersrelaterte sjukdomar, omsorgstenester og levekår for eldre. Senteret har som mål å bidra til betre helse og omsorg ved livets slutt for eldre som bur heime eller på institusjon.



Korleis kan omsorgsrobotar betra omsorgskvaliteten ved å utføra oppgåver som tunge løft, medisindeling og kommunikasjon, samt å ha ei rolle i rehabilitering og kirurgiske inngrep.

Tysdag 14. april

Tema: *Aldring og hjernen*

Forelesar: *Katarina Lundervold*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 - 13.00*

Katarina Lundervold er lækjar og Ph.d.-kandidat ved Helse Bergen og Universitetet i Bergen, med spesialisering innan nevrovitenskap og geriatri. Ho har brei erfaring frå klinisk arbeid og forskning på hjernen sin utvikling og aldring, og er særleg oppteken av korleis moderne teknologi og bildediagnostikk kan bidra til å forstå hjernen sin funksjon hjå eldre. Katarina er kjend for å vera engasjert, tydeleg og god til å gjera kompliserte ting forståelege. Ho likar å møte folk der dei er – anten det er på sjukehuset, i klasserommet eller på ei scene.



Tysdag 5. mai

Tema: *Der ingen var einsam – Om livet i klyngetunet Riise*

Forelesar: *Arill Riise*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 - 13.00*

Arill Riise har vore journalist i over 40 år, for det meste i NRK og TV2. Han har hatt ansvar for både nyheitsendingar, TV-debattar, VM på ski i 1997 i Trondheim og andre store program i begge kanalane. Riise vil fortelje om oppveksten i klyngetunet på Riise på Sunnmøre som blei utsletta av eit stort snøskred i februar 1968. Det er eit foredrag om livet i klyngetunet i kvardag og fest. Det blir og eit bilete av bygdeliv på Vestlandet i etterkrigstia og korleis du byggjer deg opp att etter katastrofen har ramma. «Å leva i klyngetunet Riise var eit godt liv», sa mor hans.



Tysdag 2. juni *vert det sommartur*

Informasjon om turen kjem seinare

Vel møtt på møteplassen for tanke og trivnad!